

TINGLYST
14 JUNI 2004
SUNNHORDLAND TINGRETT
LEIGEKONTRAKT
DAGBEGR. 57/0
Gnr. 185, Bnr 1 og 2, Gnr. 183

Mellom

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

- heretter kalla utleigar

og

HILSE FONNA HF VALLEN SJUKEHUS

- heretter kalla leigar



Doknr 9816 Tinglys 14 06 2004 Emb 048
STATENS KARTVERK FAST EENDOM

er i dag inngått avtale om leige av fem - 5 - fritidshustader på grunn tilhøyrande
HORDALAND FYLKESKOMMUNE - Valen og Handeland gard g.nr. 185, b.nr. 1 og 2 og
g.nr. 183, b.nr. 1 i Kvinnherad kommune - på følgjande villkår:



Rettkopi bekreftes
VØ

§ 1 LEIGEFORHOLDET SITT OMFANG

Omfatta av denne kontrakt er følgjande hytter i Kvinnherad kommune:

1. Ingenierhytta, Valledalen (g.nr. 185, b.nr. 1)
2. Speidarhytta, Valledalen (g.nr. 185, b.nr. 1)
3. Olderbott, Valella (g.nr. 185, b.nr. 1)
4. Handelandshytta, Kulhaugdalen (g.nr. 183, b.nr. 1)
5. Svartbjødn Brakke, Kvartverket (g.nr. 185, b.nr. 2)

Leigeobjekta skal nyttast som fritidshustad for tilsette og pasientar ved Valen sjukehus.

Leigeobjekta vert overteke i den stand dei er på tidspunktet for underskrivinga av denne kontrakten.

Leigar kan ikkje påberope eventuelle feil eller manglar ved eigedommane.

§ 2 VEDERLAG

Som vederlag for leige av fritidshustadane skal leigar syte for å halde bustadane vedlike i kontraktperioden. Vedlikehaldsvarslet omfattar både indre og ytre vedlikehald. Leigar er også ansvarleg for å dekkje eventuelle driftsutgifter i leigeperioden.

Eventuell skade som oppstår på eigedommane i leigeperioden er leigar pliktig å utbetre utan ugrunna opphald.

Leigar har plikt til å halde jarnleg tilsyn med bygningane for dermed å kunne oppfylle vedlikehalds- og utbedringsansvaret.

§ 3 LEIGETTID

Denne avtalen gjeld så lenge det er sjukhusdrift ved Valen sjukhus. Avtalen fell automatisk bort frå det tidspunkt slik drift eventuelt opphøyrer.

Avtalen kan når som helst i avtaleperioden seiest opp av leigar.

§ 4 SÆRLEG OM "SVARTATJØDN BRAKKE"

Utleigar har rett til å seie opp leigekontrakten for "Svartatjødn brakke" sitt vedkommande før leigeperioden er utløpt dersom vidare kraftbygging tilseier at denne byggingen må fjernast. Oppseiinga frå utleigar skal vere skriftleg, og leigar har plikt til å stille leigeobjektet til rådveide for utleigar innan ein - 1 - måned etter at slik oppseiing er mottoke.

Ved vedlikehaldsarbeid på kraftverket og/eller ved ny kraftbygging skal utleigar ha rett til å nytte byggingen vederlagsfritt.

Utleigar godtar vidareføring av den etablerte ordninga med at Kvinnherad vidaregåande skole utfører vedlikehaldsarbeid på "Svartatjødn brakke" og etter særleg avtale disponerer hytta til turar og ekskursjonar.

§ 5 OVERDRAGING/PANTSETTING

Leigar har ikkje rett til å overdra denne kontrakten til annan person, selskap eller institusjon.

Leigar har ikkje høve til å pantsette denne kontrakten.

§ 6 TINGLYSING

Leigar skal ha høve til å tinglyse denne kontrakten. Kostnadene ved eventuell tinglysing skal staten dekke, jf. protokollen av 18.04.02 pkt. 1.9.

§ 7 YMSE

Leigar er erstatningsansvarleg for eventuelle tap for utleigar som følgje av brot på leigar sine plikter etter denne kontrakt § 2.

Ved vesentleg brot på denne avtalen frå leigar si side, kan utleigar heve avtalen med øyeblikkeleg vernad.

Ved utløpet av leigetida, eller eventuell heving av kontrakten, pliktar leigar å straks levere samtlige nøklar til utleigar.



Leigar pliktar á sende inn árlege rapportar til utleigar om hva hytter som er í bruk.

Leigar har ikkje krav på vederlag frá utleigar for eventuell verdisigning på fritidsbustadane som følgje av leigar sin innsats.

Stad *Bergen* Dato *1/12-03*

For utleigar *Paul M. Nilsen*

Paul M. Nilsen
Fylkesrådmannen

Stad *Kolnes* Dato *11/11-03*

For leigar *Johanne Kolnes*

Johanne Kolnes
Adm.dir. Heise Fonna

